

Fra: Anna Elisa Tryti (Anna.Elisa.Tryti@hfk.no)
Sendt: 10.06.2014 15:26:11
Til: Dagny Ygre Herland; Tone Stedal Haugland
Kopi:

Emne: VS: SOMMARKURS BAS 2014 - SØKNAD TIL FYLKET
Vedlegg: GDUT-BAS II kort for lærarkurs A-nytt SOM2014.docx;BAS ØK SUMMER SCHOOL 2014.docx

For registrering og handsaming.
ae

Fra: Svein Hatløy [mailto:hatloy@gmail.com]
Sendt: 2. juni 2014 17:45
Til: Anna Elisa Tryti
Emne: SOMMARKURS BAS 2014 - SØKNAD TIL FYLKET

Til Hordaland fylkeskommune,
ved Anna Elisa Tryti, sjef for kulturavdlinga.

SØKNAD OM STØTTE TIL LÆRARKURS FOR KINESISKE ARKITEKT-LÆRARAR 2014.

Eg har sendt denne søknaden til fylket etter dei reglar og datoar eg fann på nettet.

Men for å vera trygg på at han kjem fram, sender eg han til deg, så du er orientert.

Eg er nøydd til å søkja utanom skulen, fordi BAS har ikkje budsjett eller pengar til undervising utanom den regulere studieplanen. Denne undervisinga er delvis finansiert med studieavgift, noko mine deltakarar frå våre utvekslingskular ikkje kan betala, - utvekslingsreglane krev at verten betalar for undervisinga.

Difor søknad til ein del norske institusjonar. Eg har alt fått positivt svar og støtte frå det norske konsulatet i Guangzhou. No ventar og vonar eg på positivt svar frå dei andre, så eg kan engasjera alle dei rette lærarane frå BAS, som har vore med å utvikla og utforma

vår undervising.

Dei gjestande arkitektlærarane kjem frå Arkitektavdelinga ved GDUT, GuangDong University of Technology, som vil endra sin studieplan til Open Form program og didaktikk etter mønster frå BAS. Sidan 2008 har eg etter invitasjon vore gjesteprofessor ved GDUT, og formidla og undervist i dette programmet. Arkitektavdelinga deira har alt innført Open Form - undervisinga i fyrste og andre studieåret, og prøvt det eit par-tre år, og har etter nasjonal evaluering fått gode merknadar til resultatata.

For å innføra denne undervisinga på dei fylgjande studietrinna treng lærarane tilleggsutdanning. Det har eg gjeve desse åre, og lærarkurset 2014 ved BAS er det tredje, berre for lærarar.

Altså: Det gjeld eksport av program og røynsle frå den alternative arkitekthøgskulen, landets tredje, som me har hatt høve til å utvikla i Hordaland og på Vestlandet elles. Hordaland fylke gjorde ein avgjerande innsats då fylkesordføraren (H) hjelte BAS over ein økonomisk kneik og ikkje lot fylkesordførar Rettedal (H) i Rogaland overta skulen.

Hordaland fylke vil verta nemnt med namn og logo i den skriftlege kursrapporten, med takk for støtta, dersom fylket kan og vil. Dette siste gløymte eg å skriva i søknaden.

.-----

Anna Elisa, takk for sist. Det var ein flott og stor dag i Meland kommune, å få Ivar Aasen på sokkel. Du heldt ein framifrå poengtert tale for Edvard Hoem for hans innsats for det nynorske målet.

Med helsing Svein Hatløy